

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 12.03.2024

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Guri Bugge, Veslemøy Mjelde, Ingrid Stranden Haavik og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Jon-Harald Huus

Referent: Kaia

**Sak 2024/14: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2024/15: Godkjenning av referat frå styremøte 13.02.2024.** Godkjent

**Sak 2024/16: Eigedomar:**

Ryddedugnad på kontoret på kulturhuset fredag 15. mars kl. 10.00.

**Sak 2024/17: Tilstellingar:**

- Årsmøte i bygdelaget 07.04.2024 kl 16:00, styret møter 15.00. Årsmelding 2023 gått i gjennom av styret, leggst fram for årsmøtet.
- Bygdedugnad, 27. april 2024 kl. 10.00, oppmøte ved kulturhuset. Laga oppmodast å melde inn arbeid i forkant. Bygdelaget lager arbeidsliste. Det vert sett opp stillas på baksida av kulturhuset i forkant for vasking av vegg/skifting av bord. Thorleif får med seg folk til å rydde nedfall i kulturstien ila april.

**Sak 2024/18: Økonomi:**

- Kasserar har sendt inn søknad om kommunal straumstønad.
- Budsjett 2024, kasserar legg fram forslag til årsmøtet.
- Frist kommunale tilskot er 01.04.24.
- Total inntekt bygdelagsbasar 24. februar kr 82.609,-. (inkl. inntekt i des. 23).  
*Tusen takk for fantastisk støtte!*
- Seniormiddag, inntekt netto 23.604,-.
- Bygdelaget har fått kr. 50.000,- frå Herand Kraft AS for 2024
- Det har vore høgare straumforbruk på Herand kulturhus i januar/februar i år enn i fjor.
- Eventuelle prosjekt 2024, søka om midlar?  
Nokre aktuelle prosjekt i uprioritert rekkefølge:
  - Ny hovudinngangsdør, Thorleif har henta inn tilbod.
  - Skifte skada/dårleg kledning mot vest på den raude delen av kulturhuset.
  - Mala vest-, sør- og austsida av kulturhuset, den raude delen.
  - Kasse inn ny varmpumpe, utvendig del mot vest.
  - Ruste opp renner og nedløp som lek, på kulturhuset og skytja.
  - Lydabsorbent plater på øvre del av vegger i gymsalen er ein del skada, spesielt på veggen mot nord. Montere t.d. spileplater utanpå lydabsorbentplater (forslag v/Sigmund). Vil dette eventuelt endre akustikken i rommet? Me ber Arild B. Nielsen om ei vurdering.
  - Ny LED lysarmatur i gymsalen. Lysrøyr til noverande armatur skal fasast ut. Innhenting av pris er i gang.
  - Fikse og lime ein del lause skiferheller ved inngangen til leskuret og ved hovudinngangen. Vert fiksa på dugnaden 27.04.

- Kasserar sender søknad på ny hovudinngangsdør og utvendig maling og kledning til Sparebankstiftinga Hardanger innan 31.03.24

**Sak 2024/19: Andre saker/eventuelt:**

- Herand kulturhistoriske senter: Angunn lyser ut sommarjobb som utstillingsvakt. Det bør skiltast betre inn frå hovudveg, Guri lagar eit forslag. Gruppa som jobbar med marknadsføring ol. for HKS har hatt møte, det arbeidast med eit infokart for bygda og ymse tiltak for marknadsføring.
- HB er invitert til å delta i eit dialogmøte om besøksforvaltning for Herand i samband med forventa auka turisme i bygda. Representantar frå idrettslaget, Hardangertrappa og kommunen arrangerer møtet 9. april 14-16 2024 i matsalen på kulturhuset. Ole og Guri møter for bygdelaget.

**Årsmøtet til Herand bygdelag for 2023 vert søndag 07.04.24 kl. 16.00 på Herand kulturhus. Saker til møtet må meldast innan 24.03.24.**

**Neste styremøte tysdag 09.04.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.**